



Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

Møtedato: 07.06.2022

Møtestad:

Møtetid: 10:00 - 10:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	Meldt forfall
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Kjetil Eikefet

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
005/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/2022	Godkjenning av møteprotokoll
007/2022	Orienteringssaker
008/2022	Næringsfondet-søknad om tilskot til prosjekt for smalband dekning for sporing av beitedyr i Stølsheimen
009/2022	Næringsfondet - Søknad om tilskot til utvikling og utvidelse av Mofjord maskin AS

Notat frå møtet:

005/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

006/2022: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

007/2022: Orienteringssaker

Behandling:

Ass.rådmann Tonje Husum Aarland orienterte om planar for oppstart av revidering av plan for strategisk næringsutvikling.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

008/2022: Næringsfondet-søknad om tilskot til prosjekt for smalband dekning for sporing av beitedyr i Stølsheimen

Behandling:

Ass. rådmann Tonje Husum Aarland orienterte kort om søknaden.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Næringsfondstyret i Modalen løyver kr: 130 000 i tilskot til Søre Steinsland beitelag til prosjekt Smalband dekning for sporing av beitedyr i Søre Steinsland beitelag. Tilskotet må nyttast i tråd med søknad.

Vilkår for utbetaling:

- 1. Fellesprosjektet vert fult finansiert og kjem i gang.**
- 2. Tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.**
- 3. Før utbetaling skal mottakar ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapen skal vere attestert av rekneskapsfører.**
- 4. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging kan dette søkjast om innan utlaup av fristen.**

4. Tilskot kan krevjast attende betalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

009/2022: Næringsfondet - Søknad om tilskot til utvikling og utvidelse av Mofjord maskin AS

Behandling:

Ass. rådmann Tonje Husum Aarland orienterte kort om søknaden.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Næringsfondstyret i Modalen løyver kr 317 000,- i tilskot til Mofjord maskin AS til utvikling og utvidelse. Tilskotet må nyttast i tråd med søknad.

Følgande vilkår gjeld for utbetaling:

- 1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg, og vert utbetalt på grunnlag av dokumenterte kostnader.**
- 2. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.**
- 3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.**
- 4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen**

krevje tilbakebetaling i høve til den tida som har gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Vedtaket er heimla i Vedtekter for næringsfondet (KS-sak 045/2017).
